



Fotballcupen på Heio er eit høgdepunkt for UIL

**Kontingenten i idrettslaget er ei god investering, understrekar skrivar Anbjørn Høivik. Det er no sendt purring til dei som ikkje har betalt medlemspengane for dette året. Høivik oppmodar sterkt om å betala i tide og fortel om det breie tilbodet.**

**Hvis ein er medlem kan ein delta i alle aktivitetar som UIL organiserar. Det er altså ikkje ekstra kontingent for undergruppene slik mange idrettslag har. UIL har tilbod om trening av eitt eller anna slag kvar einaste kvardag**

UIL ynskjer at særleg born og ungdom skal få prøva dei greinene dei synest er interessante utan ekstra kostnadar.

Lista er lang: Idrettsskule, barnetrim, step, aerobic, gymstick, dans, fotball, klatring, ski, friidrett, styrketrening, tur og idrettsmerke. Frå t id til annan er det også treningssamlingar og langturar.

UIL er heil- eller deleigar i grasbane, grusbane, idrettshall, klatrevegg og ljosløype. Det er gratis å bruke desse for medlemmene med unnatak av ljosløypa iFjellhaugen og klatreveggen, men her er det tale om mindre beløp.

Laget har gjennom året store arrangement for heile bygda, som sykkelrebus om våren, motbakkeløp i juni og fotballcup i august. Og fotballaga reiser land og strand rundt i likheit med friidrettsgruppa og skigruppa.

Mange av turstiane blir halde oppe av UIL og det er ei ordning med fjelltrimkort. Det er ei rabattavtale med Sport1

Rosendal

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen